



Artec As
Damsgårdsveien 135
5160 Laksevåg

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/286 - 23/2798

Sakshandsamar:
Jan Kvingedal
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:
30.03.2023

Referat - Bestilling av førehandskonferanse - bruksendring til fritidsbustad - Svartavassvegen 622, gbnr 52/14

Til stades på Teams: Ragnhild Lien Olsen (Artec), Steffen Heldal (Eviny) og Jan Kvingedal (Masfjorden kommune)

Bakgrunn:

Eviny ynskjer å selja delar av sin bygningsmasse, då den har store vedlikehaldskostnadar. Bygget i Svartavassvegen er oppført som ei anleggsmesse under bygging av kraftanlegga i Matrefjella, truleg i medhald av lov om vassdragskonsesjon og sidan ombygd/ tilrettelagt for bruk av dei tilsette til fritidsformål. Eviny ynsker å leggja denne eigedommen ut for sal no. Dei ynskjer då å få gjort om status til «fritidsbustad»

Krav til søknad om bruksendring til fritidsbustad:

- Søknad om dispensasjon frå planformål jf. kap.19 i pbl, då eigedommen ligg i LNF-området i kommuneplan for Masfjorden kommune (MK). Det er viktig at søknad blir godt grunngjeven, evt. korrespondanse/ avtalar frå den gong eigedommen blei omgjort frå messe til hytte vil vera god støtte til søknaden. Ein oppfordrar søker til å kontakta Frode Langhelle i Eviny, som har god kjennskap til aktiviteten til Eviny/ BKK i området.
- Søknad om dispensasjon frå nærleik til vassdrag jf. §1-8 i pbl. I kommuneplanen til MK er det sett 50 m som grense for søknad.
- Søknad om dispensasjon frå Teknisk forskrift. Her vil det under vurderinga vera viktig at dei tryggleiksmessige tilhøva kan tilfredsstillast. Universell tilkomst og energibruk er ikkje like viktige. Slik vurdering må gjerast av nokon med byggkompetanse.
- Vurdering av tryggleik mot skred: Eigedommen ligg på NVE sine akt somheitskart for skred og det må gjerast ei vurdering i forhold til snøskred og steinsprang. Vurdering må gjerast av geolog.
- Nabovarsel. Søknad om bruksendring må nabovarslast, sjølv om det ikkje blir gjort bygningsmessige tiltak på eigedommen. Det må framgå av nabovarslelet at vert søkt om dispensasjonar i saka. MK sender over liste over kven som må varslast på førespurnad.

Prosessen for handsaminga:

Etter motteken komplett søknad går den til Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune for uttale. Når dei har kome med slik uttale kan MK handsama søknaden.

Dersom du/ de har spørsmål i saka kontakt saksbehandlar Jan Kvingedal.

Med helsing

Jan Kvingedal
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til:

Eviny As

Postboks 7050 5020

Bergen

Mottakarar:

Artec As

Damsgårdsveien 5160
135

Laksevåg